

# **REHABILITERINGSPLAN NÆRMILJØANLEGG STORD KOMMUNE 2015-2025**



Plan godkjent av komite for næring, miljø og kultur (NMK) i møte 18. februar 2015

## Innhold

<b>1. Bakgrunn</b> .....	3
<b>2. Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde</b> .....	3
2.1 Definisjon .....	3
2.2. Ballbingar .....	4
2.3. Aktivitetsløyper/anlegg .....	4
2.4. Klatreveggar .....	5
2.5. Skateboard .....	5
2.6. Andre nærmiljøanlegg .....	5
<b>3. Natur- og friluftsanlegg</b> .....	5
3.1 Turvegar/turstiar .....	5
3.2 Toalettanlegg .....	5
3.3 Badeplassar .....	5
<b>4. Status og samla trong for rehabilitering av nærmiljø- og aktivitetsanlegg</b> .....	6
4.1. Avgrensingar .....	6
4.2 Status og trong for rehabilitering .....	6
4.2.1 Ballbingar .....	6
4.2.2 Aktivitetsanlegg .....	19
4.2.3 Turstiar og løyper .....	28
4.2.4 Grusbanar og ballplassar .....	28
4.2.5 Badeplassar og friluftsanlegg .....	28
<b>5. Handlingsprogram 2015-2025</b> .....	29
5.1 Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2015-2018 .....	29
5.2 Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2019-2025 .....	29
<b>Vedlegg 1</b> .....	30

Alle foto: Kjell Nesbø og Sylve Rusten

## 1. Bakgrunn

I Stord kommune er det dei siste 15 åra bygd mange nærmiljøanlegg og aktivitetsområde. Fleire av anlegga er 10-15 år gamle, og det er allereie trong for rehabilitering av nokre av anlegga.

Denne planen tek ikkje for seg leikeplassar i buområda i kommunen og friluftsområde utanom badeplassar. Mange av friluftsområda vert drifta av Friluftsrådet Vest.

I sak PS 88/13, årsbudsjett 2014, økonomiplan 2014-2017 – gjorde kommunestyre slikt «*Det skal lagast ein plan for rehabilitering av nærmiljøanlegga i kommunen. Planen vert å leggja fram for NMK komiteen for godkjenning.*»

For at kommunen skal kunne søkja om spelemidlar, vert det stilt krav om at kommunane har ein temaplan/kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Arbeidet med ein slik plan er i slutfasen, og det vert lagt opp til godkjenning av denne planen i kommunestyret tidleg på nyåret 2015.

Oversikt over og tiltak på nærmiljøanlegga i Stord kommune er omtala i kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for perioden 2015-2025.

## 2. Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde

### 2.1 Definisjon

Kulturdepartementet sin definisjon an nærmiljøanlegg:

*«Nærmiljøanlegg er anlegg eller områder tilrettelagt for egenorganisert fysisk aktivitet, hovedsakelig beliggende i tilknytning til bo- og/eller oppholdsområder. Områdene skal være fritt allment tilgjengelige og beregnet på egenorganisert fysisk aktivitet, primært for barn og ungdom, men også for lokalbefolkningen for øvrig. Nærmiljøanlegg skal ikke dekke behovet for anlegg til organisert idrettslig aktivitet eller til ordinære konkurranser i idrett. Nærmiljøanlegg kan lokaliseres i tilknytning til et skoleanlegg og/eller idrettsanlegg. Ved samlokalisering med idrettsanlegg gjelder som nevnt over, at nærmiljøanlegget skal være for egenorganisert fysisk aktivitet.»*

I Stord kommune definerer ein nærmiljøanlegg slik: «*Med nærmiljøanlegg meiner ein uteanlegg eller uteområde for eigenorganisert, fysisk aktivitet nær buområde, og/eller område der folk i alle aldrar ferdast.*»

Ordninga med nærmiljøanlegg vart innført i 1993.

Nærmiljøanlegg er ei prioritert søknadsgruppe innanfor spelemiddelordninga. Nærmiljøanlegga skil seg frå storparten av idrettsanlegga ved at dei ikkje er spesielt tilrettelagt for organisert konkurranseidrett. Målsettinga for desse anlegga er at dei skal vera allment tilgjengelege og berekna for eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg er primært retta mot aktivitet for barn og ungdom.

Ordninga vart utvida i 2000 med at anlegg kunne byggjast i tilknytning til skular. Når anlegga er 10 år eller meir kan det søkjast om rehabiliteringsmidlar (spelemidlar).

Det kan normalt søkjast om halvparten av godkjend kostnad, øvre tilskotsgrense er kr 300.000, og nedre grense kr 25.000. På ein anleggsstad kan ein søkja om inntil 1,2 mill kr. Nærmiljøanlegg, med ei kostnadsramme over kr 600.000, skal vere med i ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet, og anlegget kan takast med i planen ved rullering av handlingsprogrammet.

For oversikt alle nærmiljøanlegg i kommunal eige og private vert det vist til **vedlegg 1**.

I vedlegget fin ein namn på anlegget, eigar, byggjeår, tildelte spelemidlar, utbetalte spelemidlar, kategori og type anlegg.

For å sjå nærare på dei ein skilde anlegg kan ein gå inn på. **Idrettsanlegg.no.**

## 2.2. Ballbingar

Ballbingar ved følgjande skular:

- Litlabø
- Sagvåg
- Tjødnalio
- Langeland
- Leirvik
- Hystad
- Rommetveit

I tillegg er det bygd ballbinge i Kviteluren, Kåreviksmarka, Ås og Nysæter idrettsanlegg.

## 2.3. Aktivitetsløyper/anlegg

Aktivitetsløyper/anlegg på fylgjande stader:

- Prestagardsskogen
- Bandadalsparken
- Ådland
- Tjødnalio barnehage
- Skogatufto barnehage
- Sagvåg skule
- Nordbygdo ungdomsskule
- Litlabø skule
- Nysæter idrettsanlegg



Foto: Aktivitet på sandvolleyballbanen ved Nordbygdo u-skule

## 2.4. Klatreveggar

Klatrevegg i nyehallen på Vikahaugane og utvendig klatreanlegg ved Leirvik skule, og ein liten vegg ved Hystad skule.

## 2.5. Skateboard

Skateboardanlegg i Prestagardsskogen og Bandadalsparken.

## 2.6. Andre nærmiljøanlegg

- Akebakke på Vikahaugane
- Sandvolleyballbane Nordbygdo ungdomsskule
- Sandvolleyballbane Vikahaugane

## 3. Natur- og friluftsanlegg

Stord kommune har flotte naturområde som gjev høve til eit mangfald av aktivitetar, men ikkje alle områda er like lett tilgjengelege.

Vedlikehald og utbetring av sanitærforhold og rullestolrampar, t.d. ved badeplassar, vil auke tilgjengelegeheita for mange. Tilrettelegging vil også dreie seg også om å utvide turnettet i kommunen, rydding og merking av turstiar, bord, benker og kvileplassar.

I økonomiplanperioden 2014-2017 er det sett av 2.35 mill kroner til turstiar og park/friluftareal.

### 3.1 Turvegar/turstiar

Nokre viktige turvegar og turstiar i Stord kommune:

- Hystadmarkjo
- Landåsen
- Skjepåsen
- Tyse/Fjellgardane/Sjoalemyro
- Tursti Ådlandsvatnet - austsida
- Rommetveit skule
- Helsesporttsløypa i Prestagardsskogen
- Hustrudalen/Rødkleiv
- Hustrudalen/Nysæter
- Veg til Heio/Fossabrekko/Kattnakken
- Turveg Frugardselva
- Gullberg/Håklubben
- Tursti på Huglo

### 3.2 Toalettanlegg

Det er toalettanlegg ved Ådlandsvatnet, Breivikjo (Rommetveit), Sætravikjo, Sponavikjo og Hystadmarkjo.

### 3.3 Badeplassar

Dei mest brukte badeplassar i kommunen er Sponavikjo, Ådlandsvatnet, Breivikjo, Sætravikjo, Dagfinnsvikjo, Melkevikjo (Hystadmarkjo), Apalvikjo (Hystadmarkjo), Vikesanden (Huglo), Fletaneset, Alnavågen, Vaskeriplanet, Nautøyo, Båtsvikjo, Fuglavikjo Todlaneset, Kyvikjo, Hystadvikjo. Nokre av badeplassane vert forvalta og drifta av Friluftsrådet Vest.

## 4. Status og samla trong for rehabilitering av nærmiljø- og aktivitetsanlegg

Denne rehabiliteringsplanen tek utgangspunkt i kommuneplanen og kommunedelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv sine prioriteringar.

### 4.1. Avgrensingar

Planen er avgrensa til å gjelda følgjande område:

- Kommunalt eigde ballbingar
- Kommunale eigde aktivitetsanlegg
- Kommunale turløyper/turstiar
- Kommunale toalettanlegg som ikkje vert drifta av Friluftsrådet vest
- Mindre kommunale grusbanar og ballplassar

### 4.2 Status og trong for rehabilitering

Områda er delt inn i følgjande kategoriar:

- Ballbingar
- Aktivitetsanlegg
- Turstiar og løyper
- Grusbanar og ballplassar
- Badeplassar og friluftsanlegg

#### 4.2.1 Ballbingar

Det er 9 kommunalt eigde og drivne ballbingar. I tillegg er det 2 ballbingar som vert drivne av velforeiningar/idrettslag.

Den eldste ballbingen ligg ved Litlabø skule og vart bygd i 2001, og den sist bygde ballbingen er bygd ved Langeland skule i 2012.

Det er varierende trong for rehabilitering av ballbingane, men den største slitasjen er på banedekket og treverket rundt anlegga.

#### **Ballbinge Litlabø skule**

Ballbingen på Litlabø skule vart bygd i 2001, og er den eldste ballbingen i kommunen. Som bileta syner er det stor trong for rehabilitering av denne ballbingen.

- Underlaget må utbetrast
- Kunstgraset må skiftast
- Treverket må renoverast/utskiftast
- Øydelagt port med stolpe, fare for klemskadar
- Basketballkorgene må skiftast ut
- Feil på lysanlegg mv, må utbetrast
- Rydding rundt bingen



Foto: Oversikt ballbinge Litlabø



Foto: Skade på dekket/underlaget



Foto: Skade på basketballkorger



Foto: Skade på ballnett





Foto: Skade på port

## Ballbinge Leirvik skule

Ballbingen vart bygd i 2006, og er svært mykje brukt. Bingen ligg på sørsida av skulen ut mot fv545. Det er montert høg fangnett mot fylkesvegen for å hindra ballar å falla ned på fylkesvegen. Banedekket er av kunstgras.

Bingen ber preg av slitasje på:

- Treverk som må utbetrast. Det er allereie skifta ut ein del bord på kortveggane. Dette er gjort på dugnad av foreldra
- Høgt sikringsnett må skiftast/utbetrast
- Ballnett må ordnast/fornyast
- Rydding rundt bingen
- Maling av treverk

Kunstdekket ser bra ut , men på sikt må dette skiftast ut.



Foto: Oversikt ballbing Leirvik skule

## Ballbinge Langeland skule

Ballbingen vart bygd i 2012. Bingen ligg på vestsida av skulen, og er mykje brukt.

I speleflata er det nytta Sport Court (plastdekke) i staden for kunstgras. Anlegget har multifunksjon med basketball, landhockey og handball mv. Dekket må driftast og vedlikehaldast etter leverandøren sine anvisningar.

På veggene er det nytta «vedlikehaldsfri» hardplast.

Ettersom anlegget er ca 2 år gammalt, er det ikkje trong for rehabilitering av ballbingen før om 10-12 år. Det vert føresett at anlegget vert drifta og vedlikehalden slik leverandøren sine tilrådingar.

Området rundt banen må oppgrusast og planerast for å unngå for mykje smuss inn på banedekket.



Foto: Oversikt ballbing Langeland skule

## Ballbinge Kåreviksmarka

Ballbingen vart bygd i 2005. anlegget såg ut til å vera i god stand trass i at det snart er 8 år sidan bingen vart bygd. Banedekket er av kunstgras.

Det er om nokre år trong for:

- Utbetring av bordkledning
- Nye målnett
- Rydding rundt bingen med fjerning av buskas mv



Foto: Oversikt ballbinge Kåreviksmarka

## Ballbinge Hystad skule

Ballbingen vart bygd i 2007. bingen er lokalisert på nordsida av gymsalen ved Hystad skule. Banedekket er av kunstgras.

Bingen er om lag 7 år gamal, og det vil om ca 3-5 år vera trong for rehalitering av dekket i bingen.

Tiltak:

- Utbetring av tre kledning
- Nye målnett
- Rydding rundt banen



Foto: Oversikt ballbinge Hystad skule

## Ballbinge Rommetveit skule

Ballbingen vart bygd i 2010. Anlegget ligg på nordsida av gymsalen ved Rommetveit skule ut mot fylkesvegen. Det er montert høgt fangnett for å hindra at ballar kjem i ut i vegbanen.

I speleflata er det nytta Sport Court (plastdekke) i staden for kunstgras. Anlegget har multifunksjon med basketball, landhockey og handball mv. Dekket må driftast og vedlikehaldast etter leverandøren sine anvisningar.

Det er ikkje trong for rehabilitering av dette anlegget før om ca 10-12 år.

Det er viktig å halda området rundt banen ryddig.



Foto: Oversiktsbilde ballbinge Rommetveit skule

## Ballbinge Tjødnalio skule

Ballbingen vart bygd i 2006, og er mykje brukt. Anlegget er bygd på søraustsida av skulen i Tjødnalio. Banedekket er av kunstgras, og ser ut til å vera i god stand. Det vil vera trong for rehabilitering om 5-7 år.

Aktuelle rehabiliteringstiltak:

- Utbetring av trekledning
- Nye målnett
- Utbetring basketballkorger
- Rydding/oppgrusing rundt bingen



Foto: Oversikt ballbinge Tjødnalio skule

## Ballbinge Nysæter idrettsanlegg

Ballbingen vart bygd i 2005 i forlenginga av fotballbanen på Nysæter. Det er bygd høgt fangnett mellom bingen og fotballbanen.

Dekket er av kunstgras. Banen ser tilfredstillande ut, og det er trong for rehabilitering om ca4-6 år.

Aktuelle rehabiliteringstiltak:

- Utbetring av trekledning
- Nye målnett
- Utbetring basketballkorger
- Rydding/oppgrusing rundt bingen



Foto: Oversikt ballbinge Nysæter idrettsanlegg



## Ballbinge Sagvåg skule

Ballbingen vart bygd i 2005, og er svært mykje brukt. Bingen er plassert på nordsida av skulen i Rukjen. Banedekket er av kunstgras.

Banen ser tilfredstillande ut, og det er trong for rehabilitering om ca 4-6 år.

Aktuelle rehabiliteringstiltak:

- Utbetring av trekledning
- Maling av treverk
- Nye målnett
- Utbetring basketballkorger
- Utbetring av lysanlegg
- Rydding/oppgrusing rundt bingen



Foto: Oversikt ballbinge Sagvåg skule

## Ballbinge Ås

Ballbingen vart bygd i 2012. bingen er lokalisert på nordsida av «Stordhuset», no barnehage.

I speleflata er det nytta Sport Court (plastdekke) i staden for kunstgras. Anlegget har multifunksjon med basketball, landhockey og handball mv. Dekket må driftast og vedlikehaldast etter leverandøren sine anvisningar.

På veggene er det nytta «vedlikehaldsfri» hardplast.

Det er ikkje trong for rehabilitering av dette anlegget før om ca 10 - 12 år.

Det er viktig å halda området rundt banen ryddig.



Foto: Oversikt ballbinge på Ås

#### 4.2.2 Aktivitetsanlegg

### Aktivitetsanlegg Nordbygdo ungdomsskule/Prestagardsskogen

Fleire av dei store aktivitetsanlegga er bygd ved Nordbygdo ungdomsskule/-Prestagardsskogen i 2010:

- Tarzan jungelen
- Turnbasseng
- Sandvolleyballbane
- Aktivitetsområde
- Tursti
- Skateboardanlegg

Desse anlegga vil ikkje ha trong for rehabilitering før 2022.



Foto: Sandvolleyballbane Nordbygdo ungdomsskule



Foto: Skateboardanlegg Nordbygdo ungdomsskule

## **Aktivitetsanlegg Vikahaugane**

På Vikahaugane er det 2 aktivitetsanlegg:

- Akebakke bygd i 2000
- Sandvolleyballbane bygd i 1997

Begge disse anlegga har trong for rehabilitering/opprusting i løpet av 3-5 år.

## **Aktivitetsanlegg Langeland skule**

Ved Langeland skule er det følgjande anlegg:

- Område for balleik og ulike småanlegg er bygd i 2001
- Klatreanlegg bygd i 2013

Område for balleik og ulike småanlegg ved Langeland skule har trong for rehabilitering og opprusting i løpet av 3-5 år.



Foto Utdrag aktivitetsanlegg ved Langeland skule

## Aktivitetsanlegg Leirvik skule

Ved Leirvik skule er følgjande anlegg:

- Klatrevegg bygd i 2002
- Mindre aktivitetsanlegg bygd i 2013

Underlaget ved klatreveggen må takast opp rettast opp



Foto: Klatrevegg ved Leirvik skule

## **Aktivitetsanlegg Skogatufto barnehage**

Anlegget vart bygd i 2003 og 2013. I samband med gravearbeid for vatn og avlaup vart store deler av anlegget sett ut av stand. Heile anlegget må totalrenoverast.

Kostnaden med dette er vanskeleg å kalkulera og må vurderast særskilt.

Det er planar om å rehabilitera Skogatufto barnehage i 2015. Det bør i denne samanheng og sjåast på rehabilitering av aktivitetsløypa



Foto: Aktivitetsløype Skogatufto barnehage

## **Aktivitetssløype Trodlaugan barnehage**

Anlegget vart bygd i 2006. Området vert mykje brukt av barnehagen på dagtid og nærmiljøet på ettermiddag- og kveldstid.

Anlegget treng rehabilitering/opprusting om innan 2-3 år.

Kostnaden med rehabiliteringa er stipulert til ca kr 100.000.



Foto: Utdrag av aktivitetsanlegget ved Trodlaugan barnehage

## Aktivitetsløype Tjødnalio barnehage

Aktivitetsløype vart bygd i 2008, og ligg på sørvestsida av Tjødnalio barnehage. Anlegget består av svingapparat, sklie, klatretau mv.

Anlegget ber preg av mykje bruk, og det er trong for rehabilitering av:

- Svingbøyle
- Klatretau
- Sklie

Kostnadane med rehabiliteringa er stipulert til 150.000 kr.





## Aktivitetsanlegg Litlabø skule

Ved Litlabø skule er det bygd aktivitetsanlegg:

- Diverse klatrearrangement
- Klatrevegg

Anlegga er mykje brukt, og det er trong for opprusting, som er stipulert til 150.000 kr.



Foto: Utdrag av klatrearrangement ved Litlabø skule



Foto: Klatrevegg ved Litlabø skule

## Aktivitetsanlegg Hystad skule skule

Ved Hystad skule er det bygd klatrevegg.

Det er trong for å vedlikehalda underlaget av sand. Elles er det ikkje trong for rehabilitering av dette anlegget før om ca 10 år.



## Aktivitetsanlegg Sagvåg skule

Ved Sagvåg skule er det i 2010 bygd:

- Klatrevegg
- Aktivitetsløype

Det er ikkje trong for rehabilitering av desse anlegga før om ca 10 år.



Foto: Klatrevegg Sagvåg skule



Foto: Utdrag av aktivitetsløype ved Sagvåg skule

## Aktivitetsanlegg i Bandadalsparken

I Bandadalsparken er det i 2009 bygd to anlegg:

- Skateanlegg
- Aktivitetsanlegg

Det er ikkje trong for rehabilitering av desse anlegga før om ca 8-10 år.

### 4.2.3 Turstiar og løyper

Det er turstiar og løyper mange stadar i kommunen:

- Landåsen/Vikahaugane trimløype etablert i 1996
- Tursti Rommetveit skule bygd i 2010
- Tursti Ådlandsvatnet bygd i 1999
- Tursti Krækjen-Trongaste-Sæ bygd i 2010
- Gullberg-Håklubben bygd i 2002
- Tursti Hustrudalen-Rødkeiv bygd i 2003
- Tursti Rukjen skule bygd i 2005
- Turveg Hustrudalen-Rutle bygd i 2014
- Tursti Skjepåsen-Landåsen bygd i 1985 med seinare utbetringar og utviding av løypa

### 4.2.4 Grusbanar og ballplassar

Følgjande grusbanar og ballplassar er inne i Stord kommune sitt anleggsregister:

- Ballplass Hystad skule bygd i 1974 og seinare utbetra
- Handballbane Rommetveit skule bygd i 1965
- Grusbane Rommetveit skule bygd i 1997
- Balløkke Leirvik skule bygd i 1998
- Ballplass Trodlahaugen bygd i 1987
- Ballplass Hagastølen bygd i 2000
- Ballplass i Hagalio bygd i 2001
- Handballbane Rukjen skule bygd i 2004

### 4.2.5 Badeplassar og friluftsanlegg

Det er registrert 17 badeplassar i Stord kommune. Mange av desse vert vedlikehalden og drifta av Friluftsrådet Vest. Kva anlegg dette gjeld er lista opp i kommuneplanen for Stord kommune.

Friluftsrådet Vest driftar også dei største friluftsanlegg i kommunen som til dømes Hystamarkjo.

Kommunen har ikkje utarbeidd statusrapport for dei kommunale badeplassane og friluftsområda/-anlegga.

## 5. Handlingsprogram 2015-2025

### 5.1 Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2015-2018

			Kostnad	2015	2016	2017	2018
Nr.	Anlegg	Stad/eigar	1000 kr		K+S	K+S	K+S
	Litlabø skule, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300		300		
	Leirvik skule, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300			300	
	Hystad skule, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300				300
	Nysæter idrettsplass, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300			300	
	Sagvåg skule, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300				300
	Kåraviksmarkjo, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300				300
	Landåsen/Vikahaugane, lysløype, trimapparat, rehabilitering	Stord kommune	200		100	100	
	Langeland skule, aktivitetsanlegg	Stord kommune	200		100	100	
	Leirvik skule, klatreveg og aktivitetsområde, rehabilitering	Stord kommune	200			100	100
	Litlabø skule, utområde, rehabilitering	Stord kommune	200				200

K+S= kommunale midlar pluss spelemidlar.

### 5.2 Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2019-2025

			Kostnad	2019	2020	2021	2022-2025
Nr.	Anlegg	Stad/eigar	1000 kr	K+S	K+S	K+S	K+S
	Tjødnalio skule, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300	150	150		
	Rommetveit skule, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300			150	150
	Langeland skule, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300				300
	Ås, ballbinge, rehabilitering	Stord kommune	300				300
		Stord kommune					

K+S= kommunale midlar pluss spelemidlar.

## Vedlegg 1

Kommunale eksisterende anlegg:									
Anl.nr	Namn	Eigar	Byggeår		Tildelt	Utbetalt	Status	Kategori	Type
1221000115	Vikahaugane idrettspark, sandvolleyballbane	Kommune	1997	1	260 000	60 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Sandvolleyballbane
1221000117	Vikahaugane idrettspark, akebakke	Kommune	2000	1	141 000	141 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Akeanlegg
1221000204	Hystad skule liten ballplass	Kommune	1974	1	28 000	28 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221000205	Hystad skule - ballbinge	Kommune	2007	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221000303	Ås idrettsplass, ballbinge	Kommune	2012	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221000502	Landåsen/Vikahaugane - lysløype, trimapparat	Kommune	1996	1	0	0	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221001302	Rommetveit skule, grusbane	Kommune	1997	1	119 000	119 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221001303	Rommetveit skule, tursti	Kommune	2010	1	200 000	200 000	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti
1221001304	Rommetveit skule, ballbinge	Kommune	2010	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221001305	Rommetveit skule, handballbane	Kommune	1965	1	0	0	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221001606	Langeland skule, balleik	Kommune	2001	1	96 000	96 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221001607	Langeland skule, nærmiljøanlegg	Kommune	2001	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221001611	Langeland skule, klatreanlegg	Kommune	2013	1	201 000	0	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Utendørs klatreanlegg
1221001710	Nysæter idrettsanlegg, ballbinge	Kommune	2005	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221001713	Nysæter idrettsanlegg, aktivitetsbane	Kommune	2014	1	0	0	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbane
1221002004	Tjødnalio Nærmiljøanlegg - ballbinge	Kommune	2006	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221002101	Litlabø skule - uteplass	Kommune	1960	1	139 000	116 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221002103	Litlabø skule, ballbinge	Kommune	2001	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221003802	Ådlandsvatnet tursti	Kommune	1999	1	452 000	452 000	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti
1221003804	Krækjen - Trongaste - Sæ, tursti	Kommune	2010	1	213 000	200 000	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti
1221007201	Leirvik skule balløkke	Kommune	1998	1	135 000	135 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221007202	Leirvik skule, klatrevegg	Kommune	2002	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Utendørs klatreanlegg
1221007203	Leirvik skule - ballbinge	Kommune	2006	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221007204	Leirvik skule, aktivitetsanlegg	Kommune	2013	1	0	0	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221007301	Trodlahaugen ballplass	Kommune	1987	1	43 000	0	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke

1221007401	Hagastølen nærmiljøanlegg, ballplass	Kommune	2000	1	144 000	144 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221007501	Hagalio nærmiljøanlegg, ballplass	Kommune	2001	1	39 000	39 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221007901	Ås - Lønning o-kart	Kommune	1997	1	11 000	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221009601	Gullberg-Håklubben natursti	Kommune	2002	1	40 000	40 000	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti
1221010001	Kårevikmarkjo nærmiljøanlegg, ballbinge	Kommune	2005	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221010102	Hustrudalen - Rødkleiv Tursti	Kommune	2003	1	900 000	700 000	Eksisterende	Friluftsliv	Turvei
1221010201	Trodlahaugen aktivitetsanlegg	Kommune	2006	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221010301	Skogatufto aktivitetsanlegg	Kommune	2003	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221010302	Skogatufto barnehage, aktivitetløypa	Kommune	2013	1	0	0	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221010501	Rukjen skule, ballbinge	Kommune	2005	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221010503	Rukjen skule, handballbane	Kommune	2004	1	425 000	425 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbane
1221010505	Rukjen skule, tursti	Kommune	2005	1	200 000	200 000	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti
1221010506	Rukjen skule, aktivitetsanlegg	Kommune	2010	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221010701	Ådland Nord aktivitetløkke	Kommune	1997	1	12 000	12 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221010801	Høgåsen Nærmiljøanlegg, grusbane	Kommune	2004	1	40 000	38 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbane
1221010903	Hustrudalen - Rutle, turveg	Kommune	2014	1	300 000	300 000	Eksisterende	Friluftsliv	Turvei
1221011501	Tjødnalio barnehage - aktivitesanlegg	Kommune	2008	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Hinderløype
1221011704	Nordbygdo ungdomsskule - Tarzanjungel	Kommune	2010	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Utendørs klatreanlegg
1221011706	Nordbygdo ungdomsskule - aktivitetsanlegg	Kommune	2010	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221011708	Nordbygdo ungdomsskule, tursti	Kommune	2010	1	200 000	200 000	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti
1221011803	Nordbygdo idrettsanlegg - skateboardanlegg	Kommune	2010	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Skateboardanlegg
1221011804	Nordbygdo idrettsanlegg - turnbasseng	Kommune	2010	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221011805	Nordbygdo idrettsanlegg - sandvolleyballbane	Kommune	2010	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Sandvolleyballbane
1221011901	Bandadalsparken - Skateanlegg	Kommune	2009	1	40 000	40 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Skateboardanlegg
1221011902	Bandadalsparken - aktivitetsanlegg	Kommune	2009	1	40 000	40 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221012001	Skjepåsen - Landåsen, tursti	Kommune	1985	1	466 000	0	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti
1221012401	Langelandsbana, ballbinge	Kommune	2012	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
				52	9 084 000	7 925 000			

Private eksisterende anlegg:									
Anl.nr	Namn	Eigar	Byggeår		Tildelt	Utbetalt	Status	Kategori	Type
1221000111	Vikahaugane idrettspark, nærmiljøkart	Idrettslag	1994	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221000123	Vikahaugane idrettspark, skule-/nærmiljøkart	Idrettslag	2004	1	34 000	34 000	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221000203	Hystad skule nærmiljøkart	Idrettslag	1991	1	16 000	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221000206	Hystad skule - skule-/nærmiljøkart	Idrettslag	2004	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221000207	Hystad skule, nærmiljøkart	Idrettslag	1976	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221000605	HSH nærmiljøkart	Idrettslag	1976	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221000606	HSH skule-/nærmiljøkart	Idrettslag	2003	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221000608	Rommetveit stud. idr. amfi. turløype	Organisasjon	1994	1	416 000	156 000	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti
1221000802	Lundesæter skianlegg - gapahuk	DNT	2012	1	31 000	31 000	Eksisterende	Friluftsliv	Friluftsliv ikke definert
1221001102	Gruo nærmiljøkart	Idrettslag	1989	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221001603	Langeland skule, O-kart	Idrettslag	1976	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221001605	Langeland skule, nærmiljøkart	Idrettslag	1994	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221001608	Langeland skule, skule-/nærmiljøkart	Idrettslag	2004	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221001804	Nysæter ungdomskole nærmiljøkart	Idrettslag	1978	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221002002	Tjødnalio skule, O-kart	Idrettslag	1991	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221005802	Landåsen o-kart - nærmiljøanlegg	Idrettslag	2006	1	40 000	29 000	Eksisterende	Kart	Orienteringskart
1221006502	Huglo skule - skule-/nærmiljøkart	Idrettslag	2003	1	0	0	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221009101	Nysæterstølen nærmiljøanlegg, grusbane	Velforeining	2001	1	58 000	58 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221009301	Huglo nærmiljøanlegg, grusbane	Idrettslag	2000	1	75 000	75 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221009302	Huglo nærmiljøanlegg, nærmiljøkart nord	Idrettslag	2013	1	30 000	28 000	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221009303	Huglo nærmiljøanlegg, nærmiljøkart sør	Idrettslag	2014	1	28 000	28 000	Eksisterende	Kart	Nærmiljøkart
1221009401	Fjellgardane nærmiljøanlegg, grusbane	Velforeining	2001	1	15 000	15 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbane
1221009701	Lundeåsen (Presthaug - Ådlandsvatnet )	Idrettslag	2002	1	40 000	40 000	Eksisterende	Kart	Orienteringskart
1221009702	Sjoalamyro (Presthaug - Hetlesæter)	Idrettslag	2002	1	40 000	40 000	Eksisterende	Kart	Orienteringskart
1221009801	Prestagarden golf og turområde - tursti	Idrettslag	2002	1	40 000	40 000	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti



1221009901	Kviteluren nærmiljøanlegg, ballbinge	Velforeining	2003	1	200 000	200 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221009902	Kviteluren nærmiljøanlegg, grusbane	Velforeining	2003	1	40 000	40 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbane
1221010401	Bjarnebakkjen Nærmiljøanlegg, grusbane	Borettslag	1999	1	40 000	40 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ballbane
1221010601	Isdal/Dale nærmiljøanlegg, grusbane	Velforeining	2004	1	24 000	24 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221011203	Stord Hestesportsenter - tursti	Idrettslag	2009	1	200 000	200 000	Eksisterende	Friluftsliv	Tursti
1221011401	Ådland Nærmiljøanlegg, aktivitetsanlegg	Borettslag	2007	1	73 000	40 000	Eksisterende	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
				31	1 440 000	1 118 000			

Anl.nr	Namn	Eigar	Byggeår		Tildelt	Utbetalt	Status	Kategori	Type
	Kommunale og private planlagde, urealiserte og nedlagde anlegg:								
1221000121	Vikahaugane idrettspark, kunstgras skeisebana	Kommune	2002	1	200 000	200 000	Nedlagt	Aktivitetsanlegg	Ballbane
1221000129	Vikahaugane idrettspark, skateboardanlegg	Kommune		1	0	0	Planlagt	Aktivitetsanlegg	Skateboardanlegg
1221001510	Prestagardsskogen idrettspark, tursti	Kommune	1900	1	0	0	Planlagt	Friluftsliv	Tursti
1221001712	Nysæter idrettsanlegg - Hustrudalen, tursti	Kommune		1	500 000	0	Planlagt	Friluftsliv	Tursti
1221002201	Sagvåg skule - uteplass	Kommune	1950	1	0	0	Ikkje i drift	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg
1221006503	Huglo skule, aktivitetsflate	Kommune		1	40 000	0	Urealisert	Aktivitetsanlegg	Balløkke
1221012201	Valvatnafeltet nærmiljøanlegg - ballbinge	Kommune		1	200 000	0	Planlagt	Aktivitetsanlegg	Ballbinge
1221012301	Myrvold Park - plastisbane	Kommune		1	0	0	Planlagt	Isanlegg	Isflate, kunstis
1221012403	Langelandsbana, gapahuk	Kommune	2014	1	0	0	Planlagt	Friluftsliv	Friluftsliv ikkje definert
1221001104	Litlabø kurs og treningssenter, minigolf	Organisasjon	1985	1	0	0	Nedlagt	Aktivitetsanlegg	Minigolf
1221008302	Turløypa Heio - Steinen	Idrettslag	2012	1	200 000	0	Planlagt	Friluftsliv	Turløype
				11	1 140 000	200 000			